



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1395 - 17/18467

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

06.02.2018

## Avvist søknad om frådelling av grunneigedom gbnr 126/3 Hope

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Arkoconsult AS

**Ansvarleg søkjar:** Mongstad Vekst AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-3

### Tiltak

Saka gjeld søknad om frådelling av areal frå gbnr 126/3 på 99 000 m<sup>2</sup>.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.05.17.

### Planstatus

Kommunedelplanen for Lindåsneset med Mongstad

### Dialog med andre einingar i kommunen

Kommunen har vore i dialog med planavdelinga i kommunen som er samd med byggesak om at arealet ikkje bør frådelast før det ligg føre reguleringsplan som syner utviklinga av området.

### Vatn og avløp (VA), tilkomst, avkøyrsløse og parkering

Ved søknad om frådelling må det gå fram korleis forhold til VVA skal løysast. Det går ikkje fram av søknaden korleis desse forholda skal løysast.

### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Søknaden stettar ikkje krava til søknad, jf. pbl § 21-2 og SAK § 5-4.

Kommunen meiner og at arealet må regulerast før areal kan delast frå.

### VEDTAK:

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om frådelling av areal avvist. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1395**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Mongstad Vekst AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN